



KI-notat nr.: 65/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Selselva kraftverk AS/Selselva Kraftverk i Selselva	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gaular	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:
	Tale Helen Seldal og	
Saksbehandlere:	Ellen Lian Halten	for Sign.:
Dato:	18 DES 2009	
Vår ref.:	NVE0200801073- 29	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Selselva kraftverk i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene.....	15
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse.....	16
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	18
NVEs vurdering.....	24
NVEs konklusjon.....	30

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Selselva kraftverk og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov.

Selselva kraftverk ligger i Gaular kommune i Sogn og Fjordane. Det søkes om bygging og drift av et kraftverk på 4,98 MW installert effekt. Selselva kraftverk vil utnytte et fall på 576 m.

Søknaden omfatter en utbygging med inntak på kote 696 og kraftverkstasjon på kote 120. Fra inntak og ned til kote 500 skulle vannvegen gå i tunnel. Øvrige deler av vannveien var planlagt nedgravd. I etterkant av sluttbefaringen er lengden på tunnelen økt, og tunnelen skal nå gå ned til kote 400. Resten av vannveien skal fortsatt graves ned. Rørgatetraseen vil bli cirka 980 meter lang. Det søkes om å forlenge eksisterende skogsbilveg med 350 meter. Nettilknytning vil skje via nedgravd jordkabel. Områdekonsesjonær er Sunnfjord Energi AS.

Kraftverket er beregnet til å produsere cirka 18,9 GWh i et midlere år fordelt på 10,6 GWh sommerproduksjon og 7,2 GWh vinterproduksjon. Det er planlagt å slippe minstevannføring lik 40 l/s hele året som tilsvarende den opprinnelig utregnede 5-persentilen for vintervannføring.

Gaular kommune peker på at tiltaket er i strid med arealplanen, og at det ved en ev. konsesjon må tas hensyn til det fremtidige behovet for vann til vannverket. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mener at tiltaket er akseptabelt dersom minstevannføringen økes om sommeren, vannvei i tunnel forlenges fra inntaket ned til ca. kote 386, og anadrom strekning nedenfor kraftverket sikres med en omløpsventil. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilråder bygging av kraftverket, men under forutsetning av at tunnelpåhugget flyttes nedover mot kote 386 og at det slippes høyere minstevannføring om sommeren enn omsøkt. Statens vegvesen har ingen spesielle merknader til prosjektet. Sunnfjord Energi AS viser til at det ikke er kapasitet på dagens nett til å ta imot kraften fra Selselva kraftverk, og at høyspentnettet derfor må forsterkes. Sogn og Fjordane Turlag peker på at området er svært viktig friluftsområde, og at den planlagte turruten "frå hav til bre" krysser Selselva innenfor tiltaksområdet. Turlaget mener at sammenligningselva som er brukt ikke er representativ for Selselva. Minstevannføringen bes øket til 250 – 300 l/s om sommeren og 60 l/s om vinteren. Turlaget ber om at tunnelen føres ned til kote 386 pga. bratt terreng med treløs vegetasjon og konflikt med turruten.

Søker har beregnet alminnelig lavvannføring og 5-persentilene på nytt med utgangspunkt i en annen målestasjon. NVE har lagt disse vannføringsdataene til grunn for våre vurderinger. Selselva har et nedbørfelt på 4,46 km² ved det planlagte inntaket. Middelvannføringen er 669 l/s. Alminnelig lavvannføring er beregnet til 45 l/s. 5-persentilene for sommer- og vinterperioden er hhv. 112 l/s og 31,5 l/s.

Bygstad vassverk har vannuttaket sitt innenfor utbyggingsstrekningen til Selselva. Det er inngått en avtale mellom søker og Gaular kommune om vannuttak til drikkevann. Uttaket er på opptil 14 l/s i perioder.

Ut over en ny årlig produksjon på i overkant av 18 GWh vil tiltaket kunne bidra til å styrke næringsgrunnlaget for søkerne, som alle har lokal tilknytning, og kan også bidra til å opprettholde lokal bosetting og verdiskapning. I tillegg vil en utbygging ha positive ringvirkninger i en anleggsfase.

NVE mener at de vesentligste faktorene som kan redusere landskapsinntrykket i forbindelse med det planlagte tiltaket er redusert vannføring i elva, tekniske inngrep i forbindelse med tunnelpåhugg, fremføring av ny vei til påhugget og at inntaket skal plasseres over tregrensen. En ev. utbygging vil etter fylkesmannens beregninger medføre en reduksjon i INON sone 2 på 1,78 km² og en reduksjon av INON sone 1 på 0,17 km². Større minstevannføring enn søkers forslag i sommerperioden vil etter NVEs mening i stor grad avbøte ev. negative effekter for landskap og friluftsliv. Forutsatt at det ved en ev. utbygging legges vesentlig vekt på at de tekniske inngrepene skal være lite synlig og tilpasset landskapet, mener NVE at bygging av Selselva kraftverk vil være akseptabelt i forhold til landskapsinntrykk og friluftsliv.

Det er ikke registrert rødlistede arter eller naturtyper innenfor utbyggingsområdet som er avhengig av dagens vannføring og fuktighet. Ved en ev. utbygging vil en strekning på ca. 1,8 km fraføres vann. Dyre- og planteliv som er avhengig av vassdragsmiljøet vil kunne få noe reduserte betingelser. Det er registrert kongeørn innenfor influensområdet. Arten er rødlistet, men vil ikke påvirkes av utbyggingen dersom forstyrrende anleggsarbeid legges utenom hekkesesongen. NVE mener at tiltaket er akseptabelt med hensyn på biologisk mangfold så lenge det slippes en minstevannføring hele året.

Nedre del av Selselva er anadrom strekning. Strekningen fra kraftstasjonen til vandringshinderet er på ca. 1,7 km og vil ha en utjevnende effekt ved eventuelle utfall. Pålagt minstevannføring og bidrag fra

et stort felt mellom inntak og vandringshinder tilsier etter vårt syn at det ikke er grunnlag for pålegg om omløpsventil.

NVE mener at med krav om tunnel ned til ca. kote 400 og sesongtilpasset minstevannføring gjennom året, er fordelene ved tiltaket større enn ulemperne for allmenne interesser.

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Selselva Kraftverk AS tillatelse til å bygge Selselva kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Selselva Kraftverk AS, datert 15.2.2008:

Søknad om konsesjon for bygging av Selselva Kraftverk

Selselva Kraftverk ønsker å utnytte vannfallet i Selselva i Gaular kommune i Sogn og Fjordane fylke til kraftproduksjon. På vegne av Selselva Kraftverk søker Marintech Energy AS om følgende tillatelser:

- *Etter vannressursloven, jf. §8, om tillatelse til: å bygge Selselva Kraftstasjon*
- *Etter energiloven om tillatelse til: bygging og drift av Selselva Kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden*

Kraftverket

Nedbørsfelt (km ²)	4,46
Middelvannføring (l/s)	669
Alminnelig lavvannføring (l/s) i Selselva	56
5-persentil sommer (l/s)	70
5-persentil vinter (l/s)	40
Inntak på kote (moh)	696
Avløp på kote (moh)	120
Brutto fallhøyde (m)	576
Midlere energiekvivalent (kWh/m ³)	0,84
Slukeevne, maksimal (l/s)	1043,64
Slukeevne, minimal (l/s)	104,36
Tilløpsrør, diameter (mm)	700
Tilløpsrør, lengde inntak – kraftstasjon (m)	1760
Installert effekt, maksimum (MW)	4,98
Brukstid (h)	6288
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	10,284
Produksjon, sommer (GWh) (1/5 – 30/9)	7,497
Produksjon, årlig middel (GWh)	17,782
Utbyggingskostnad (mill. kr)	37,04
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,16

Elektriske anlegg

Generator	Ytelse, MVA	Spenning kV
	5,5	6,6
Transformator	Ytelse, MVA	Omsetning kV/kV
	5,5	6,6/22
Kraftlinjer	Lengde, m	Nominell spenning kV
	1000	22,0

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Gaular kommune har kommet med to uttalelser i denne saken, første uttalelse i brev av 3.7.2008, og andre uttalelse i etterkant av sluttbefaringen i brev av 6.10.2008:

Brev av 3.7.2008:

"Området der kraftverket er planlagt er LNF-område, så utbygging av kraftverk for sal av elektrisitet vil derfor vere i strid med arealplanen.

Gaular kommune tek vatn frå Selselva til produksjon av drikkevatt i Bygstad vassverk. Bygstad vassverk leverer i dag vatn til innbyggjarane frå Bygstad til Bringeland. Det er i gang prosjektering for å vidareføre leidningsnettet til området Skilbrei, med ein potensiell auke på 150 abonnentane til vassverket. Det er derfor vesentleg at ved eit løyve for utbygging av kraftverk, må utbyggjarane påleggast å ta omsyn til det framtidige behovet for vatn til vassverket."

Brev av 6.10.2008:

"Syner til synfaring for rørgate og inntaksdam samt orientering om tekniske løysingar for Selselva kraftverk 24. september 2008.

Gaular kommune har inntak for vassverk plassert på kotehøgda 190, mellom planlagt inntaksdam for kraftverket og det planlagde kraftverket. Vassverket leverer vatn for husstandane frå Bygstad til Skilbrei. Behovet for uttak av vatn til vassverket er sendt til Marintech Energy AS, slik at dette har vore tilgjengeleg i planfasen for prosjektet.

Under synfaringa fikk Gaular kommune forståing av at leveranse av vatn til vassverket er planlagt ved at det blir slept ei viss minstevassføring forbi inntaksdammen til kraftverket. Denne minstevassføringa er skissert til 40 l/s ut frå inntaksdammen under Selsvatnet.

Gaular kommune sitt behov ut frå reinseanlegget er i periodar 14 l/s som normaluttak. Ut frå dette behovet kan det sjå ut som restvassføringa på 40 l/s er høg nok. Etter vår vurdering vil så lite vassføring målt ut frå inntaksdammen til kraftverket kunne føre til problem for vassverket både ut frå forureining og ut frå kapasitetsvurdering. Med så liten vassføring i elva vil potensialet for forureining av vatnet i området mellom inntaksdammen til kraftverket og inntaksdammen til vassverket auke. I same område er det problem med ising i elva som på vinterstid har liten vassføring. Dette problemet vil etter all sannsynleg heit auke med mindre vassføring enn den vi har i dag. Begge disse elementa gjer at Gaular kommune er i tvil om at den framlagde planen for kraftverkutbygginga tilfredsstiller behovet for vatn til vassverket.

For å kunne handsame saka vidare, ber vi om opplysningar om kva krav NVE vil stille for å gje konsesjon til kraftverket."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 9.7.2008

"(...) Landskap og friluftsliv

Området er bratt med fleire brattheng og er sørvendt. Elva renn gjennom små juv og det er ingen lengre rolege parti. Fleire plassar kaster elva seg ut i små og store fossar. Området der rørgata er planlagd nedgrave består øvst av grunnlendt mark med sparsam vegetasjon, lenger nede er områda meir kulturpåverka med beite/tilgrodd beite, plantefelt av gran og dyrka mark.

Fjellområdet Kvamshesten – Langeland er med i Fylkesdelplan for arealbruk som viser viktige regionale og nasjonale friluftsområde i fylket. Turområdet nord for Bygstad har høggjellskarakter og Kvamshesten ligg majestetisk og sentralt til, og er eit av dei viktigaste turmåla i dette friluftsområdet. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag sin uttale når det gjeld friluftslivsinteresser i området.

Den største konflikten ved denne utbygginga, knytt til landskap og friluftsliv, vil etter vårt syn vere reduksjon i vassføring i den øvre og mest synlege delen av elva, og ny veg opp til kote 500. I følgje søknaden vil og tunnelmassar truleg bli deponert i nærleiken av tunnelinnslaget.

Rapporten om verknader for biologisk mangfald er utarbeidd med utgangspunkt i ein lengre tunnel og kortare trase for nedgrave rørgate. I rapporten er det vist til tunnel ned til kote 386. Dette er truleg tidlegare planar som er blitt endra fram til endeleg søknad. Vi ser på dette alternativet som langt betre, med betydeleg mindre inngrep i det bratte og opne partiet mellom kote 386 og kote 500, sjå vedlagt kart. Kring kote 386 er det planta granskog og enklare å skjule inngrep knytt til bygging av veg, nedgrave rørgate og massedeponi. Fylkesmannen vil difor sterkt tilrå alternativet med tunnel ned til kote 386.

Øvre delar av Selselva er forholdsvis godt synleg frå Bygstad, frå Dalsfjorden ved Bygstad og frå riksveg 57 som går langs sørsida av Dalsfjorden. Betraktingsavstanden til Bygstad og riksvegen vert imidlertid relativt lang. Indre Sunnfjord Turlag (IST) si turrute "Frå hav til bre", som er under utbygging, vil krysse Selselva kring kote 470-500 på den planlagde utbyggingsstrekninga. Redusert vassføring og inngrep i området vil komme i sterk konflikt med turlaget sine planar. Redusert vassføring vil redusere den visuelle opplevinga av elva og naturopplevinga med fosselyd frå elva, særleg på låge vassføringar.

Konsesjonssøknaden gir i liten grad grunnlag for å vurdere effektar på landskapet av ulike storleikar på minstevassføring. Kor mykje vatn som må til for å gi elva eit stort nok vassdekt areal er vanskeleg å vurdere. Vi meiner at minstevassføringa som er foreslått er for låg til å ivareta elva som landskapselement. Det bør sleppast ei tilsigssavhengig minstevassføring, med vassføring monaleg større enn 40 l/s om sommaren. Sogn og Fjordane Turlag stiller spørsmålsteikn til tala for hydrologi og tilsig, vi reknar med at NVE sjekkar vassføringstala.

Inntaksdammen kjem i høggjellsterreng og vil bli plassert eit stykke nedanfor Selsvatnet i en smal dal. Den vil ha ei høgde på 4 – 5 meter og bredde på ca. 30 meter. Neddemt areal vil bli ca. 1,5 da. Inntaket vert liggjande i eit område med høggjellskarakter utan høgare vegetasjon. Inntaket vil likevel ikkje bli godt synleg ved at det ligg skjult i eit dalføre/senking i terrenget. Dei mest nytta turrutene til Kvamshesten går på aust og nordsida av fjellformasjonen og inntaket vil ikkje bli synleg frå desse rutene. For å ta vare på landskap og naturmiljø i inntaksområdet bør utbyggar leggje stor vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at dei skjemmer minst mogeleg i landskapet. Vi vil tilrå at det vert nytta stadeigne massar og naturstein i/ved inntaksdammen for å kamuflere reine betongkonstruksjonar. Material til inntaket er planlagt frakta inn med helikopter.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Vi har rekna ut at reduksjonen av inngrepsfrie naturområde som ligg 3-5 km frå inngrep (sone 1) vert redusert med 0,17 km², og områder 1-3 km frå inngrep (sone 2) med 1,78 km².

Det er eit nasjonalt miljømål å sikre at igjenverande naturområde med urørt preg blir tatt vare på. Storting og Regjering har i ei rekkje samanhengar understreka verdien av å bevare områder utan tyngre tekniske inngrep som ein del av vår nasjonale arv og identitet, friluftsliv og naturoppleving, og biologisk mangfald. Det er difor uheldig at inngrepsfrie naturområde vert redusert ved ei utbygging av Selselva kraftverk.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Rapporten om verknader for biologisk mangfald er utarbeidd med utgangspunkt i ein kortare trase for nedgrave røyrgate (kote 386 – 120). Vi er usikre på om heile rørgatetraseen (kote 500 – 120) er kartlagt. Ingen nasjonale raudlista artar vart påvist i influensområdet, men ein regionalt sjeldan art, rødgrøftemose, er påvist. Regionalt viktig ugjødsla beitemark er registrert, men denne vil ikkje bli påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som er avhengig av dagens vassføring, men det vert antekt at enkelte vasstilknytte artar vil bli negativt påverka. Samla er tiltaket antatt å få små negative verknader på det biologiske mangfaldet.

Det er registrert ein hekkelokalitet for kongeørn i nærområdet. Kongeørn står på den nasjonale raudliste for trua artar i Noreg, med status nær trua (NT). Status for hekkelokaliteten bør sjekkast ut før eventuelt anleggsarbeid vert sett i gong. Dersom hekkelokaliteten vert nytta bør ein unngå anleggsaktivitet i tidsrommet februar-juni, då uro i denne perioden kan føre til at hekkelokaliteten skys.

Fossefall er knytt til vassdraget og hekkar truleg på strekinga mellom den planlagde kraftstasjonen og inntaket. Fossefallet er avhengig av botndyr/vasslevande insekt. For å oppretthalde elva sin produksjonen av vasslevande insekt, må det vere ei stabil vassføring i elva heile året. Produksjonen av vasslevande insekt vil og vere gunstig med tanke på oppvekstvilkåra for sjøaure- og lakseyngel nedst i vassdraget.

Fylkesmannen viser til at det ikkje er i tråd med notidas krav til vasskraftutbygging å godta turrlegging av vassdrag. Vi føreset at det vert sett krav til ei minstevassføring som ivaretek ein viss biologisk funksjon i vasstrengen og for vasstilknytte artar. Ei differensiert vassføring over året med 5-persentilen er meir i tråd med miljøbasert vassføring enn ei flat vassføring heile året, slik som omsøkt. Ved berekning av minstevassføring må det og takast høgde for vassforsyning til Bygstad Vassverk på 10,2 l/s, sjå avsnitt om ureining, vasskvalitet og støy.

Fisk og fiske

Det er aure i vassdraget, men på grunn av bratt terreng er det ikkje fiskeinteresser på den planlagd utbygde elvestrekinga. Nedre del av Selselva/Njøsenelva er anadrom med sjøaure og noko smålaks. Sjøaure og laks kan vandre opp til ein foss ca. kote 15. Anadrom strekning vert då ca. 0,6 km. Driftsvatnet frå kraftstasjonen vil komme ut i elva om lag 1,9 km ovanfor vandringshinder.

Dalsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Stadig fleire sjøaureførande vassdrag ved Dalsfjorden vert påverka av vasskraftverk, og sumeffektane er uoversiktlege. Alle vassdraga bør ha såpass vassføring at sjøauren kan sikrast overleving, og at produksjonen vert oppretthalde. Den sjøaure- og lakseførande strekinga, som er relativt flat i nedre delar, har truleg god produksjon av ungfisk. Ved utføresette utfall av kraftstasjonen vil elva nedstraums kraftverket

kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen. Kapasiteten på ventilen bør vere på om lag halvparten av turbinens største slukeevne. Dersom gyte- og oppvekstområda vert tatt vare på gjennom krav til forbisleppingsventil er tiltaket akseptabelt for fisk og fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Ved utbygging vil vassforsyninga til Bygstad Vassverk bli påverka. Det føreligg ein avtale der grunneigarane har førsterett til vassforsyninga i elva dersom dei ønskjer å bygge kraftverk. Gaular kommune har fremja eit ønske om framtidig vassforsyning til Bygstad Vassverk på 10,2 l/s. Ei minstevassføring i elva på 40 l/s skal forsyne vassverket. Elva som resipient vil bli forringa ved ei redusert vassføring. Redusert vassføring vil føre til noko større variasjon i temperatur og redusert vasskvalitet. Det kan vere aktuelt med avbøtande tiltak eller erstatning både når det gjeld kvantitet og kvalitet av drikkevann, men dette er eit privatrettsleg spørsmål som partane må løyse seg imellom.

Det er bustadhus og gardsdrift i nærleiken av kraftstasjonen. Det bør difor leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ny kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

I høve til ureiningslova er tiltaket etter vår vurdering akseptabelt. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan tilhøvet til ureiningslova bli vurdert på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket. Anleggsdrift med ev. deponering av finstoff m.m. må vurderast nærare i høve til ureiningslova.

Landbruk

Utbygginga forventast å få positiv betyding for næringsgrunnlaget til dei gardsbruka som er delaktig i realiseringa av kraftverket.

Tilråding

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er konfliktfull i høve til landskap. Dette er særleg knytt til redusert vassføring i elva og inngrep i terrenget. Vi meiner likevel at prosjektet under visse føresetnader er akseptabelt med tanke på dei allmenne interessene. Fylkesmannen vurderer at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskeleva og ureiningslova.

Føresetnader for tilrådinga:

- *vassveg i tunnel vert forlenga ned til kote ca. 386, for å unngå store inngrep i det bratte og opne partiet mellom ca. kote 386 og kote 500*
- *det må sleppast ei tilsigsavhengig minstevassføring som tek vare på elva som landskapselement (vassføring monaleg større enn 40 l/s om sommaren)*
- *for å ta vare på sjøaure og laks må det setjast krav til forbisleppingsventil som sikrar at det ikkje vert brå vasstandsendingar i elva dersom kraftverket stoppar.*

Ved ev. utbygging føreset vi elles at det vert lagt vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.”

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedtok følgende i fylkesutvalget den 29.10.2007:

- *”Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at løyve vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
- *Av omsyn til landskap og friluftsinnteresser bør tunnelpåhogget flyttast nedover mot kote 386.*
- *Vassføringa i Selselva om sommaren er truleg vurdert for lågt, og det må i tråd med ev. nye berekningar settast høgare krav til slepping av minstevassføring.”*

Det refereres vidare fra saksfremstillingen:

”Fylkesrådmannen sin vurdering:

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 17,8 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, rørgate, kraftverksbygning, massedeponi, kabeltrase, vegbygging) og redusert vassføring i Selselva.

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i det arealet som vert råka av kraftutbygginga for Selselva kraftverk.

På gardane Berge og Kårstad er det tidlegare gjort funn av automatisk freda kulturminne i form av funn frå gravhaugar frå den yngre delen av jernalderen (600 –1030 e.Kr.) og frå steinalderen. Delar av planområdet er lokalisert i eldre jordbruksland. Der er nettopp i slikt landskap at ein på Vestlandet har gjort myke funn av automatisk freda kulturminne.

På bakgrunn av oversendt søknad om konsesjon vurderer vi det som naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i delar av planområdet, jfr §§ 9 i Lov om kulturminne.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, kan bli direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, så må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Selselva i seg sjølv er eit viktig element i landskapet. Ei utbygging med det resultat at elva som landskapselement vert sterkt redusert, er lite tilrådeleg. Her bør det takast omsyn til landskapsverdiane og gjerast høvelege avbøtande tiltak.

Ein stor del av røyrigata ligg i eit variert kulturlandskap med areal til slått og beite. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Sogn og Fjordane Turlag hevdar i sin uttale at det er lagt til grunn for låg vassføring i elva om sommaren og at elva er eit mykje viktigare landskapselement enn det som går fram av søknaden. Turlaget foreslår m.a. av landskapsmessige omsyn at slepping av minstevassføring vert auka til 250 – 300 liter/sek om sommaren. Turlaget har også forslag om å flytte tunnelpåhogget nedover i terrenget til om lag kote 386 av omsyn til landskap og turløype. Terrenget ovanfor dette nivået er bratt og krevjande for legging av rørgate opp til det planlagte tunnelpåhogget på kote 500. Ved å flytte påhogget lenger ned vil dette også redusere behovet for vegbygging og gjere deponering av tunnelmasse enklare.

Fylkesmannen har i sitt brev til NVE vurdert utbygginga som konfliktfylt i høve til landskap, særleg knytt til redusert vassføring i elva og inngrep i terrenget. Fylkesmannen meiner likevel at prosjektet under visse føresetnader er akseptabelt med tanke på allmenne interesser.

Fylkesmannen har m.a uttrykt slike føresetnader: vassvegen i tunnel vert forlenga ned til ca. kote 386 og at det vert slept ei tilsigsavhengig minstevassføring som tek vare på elva som landskapselement, dvs. monaleg større enn 40 liter/sek om sommaren.

Fylkesrådmannen støttar vurderingar og konklusjon når det gjeld flytting av tunnelpåhogget. Fylkesrådmannen er også samd i at minstevassføringa om sommaren må aukast, gitt at det i søknaden er lagt til grunn for låge berekningar av vassføring om sommaren.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Av omsyn til landskap og friluftsiinteresser bør tunnelpåhogget flyttast nedover mot kote 386. Vassføringa i Selselva om sommaren er truleg vurdert for lågt, og det må i tråd med evt. nye berekningar settast høgare krav til slepping av minstevassføring”.

Statens vegvesen uttaler i brev av 7.5.2008:

”Statens vegvesen har ikkje merknader, men syner til eksisterande regelverk på området, samt bestemmelser om forholdet mellom offentlege vegar og elektriske ledningsanlegg.

Vi minner om veglova sine byggjegransar som er 15 meter til senter veg for fylkesveg, og 50 meter til senter veg for riksveg. Tiltak innanfor desse grensene må det søkjast dispensasjon for. Med omsyn til nærføringar langs - og kryssingar av offentleg veg må dette søkjast særskilt om i kvart einskilt tilfelle. Dersom det i samband med anleggsarbeidet er trong for tilkomst frå riks- eller fylkesveg må det søkjast Statens vegvesen om løyve til bruk av eksisterande avkøyringar eller om løyve til nye mellombels eller permanente avkøyringar.”

Sunnfjord Energi uttaler i e-post av 1.7.2008:

”Dagens nett har ikkje kapasitet til å ta i mot krafta frå Selselva Kraftverk. Dersom prosjektet skal realiserast, lyt høgspennettet forsterkast frå Bygstad til Sande eller mot Stakaldefossen.”

Sunnfjord Energi viser samtidig til brev av 17.9.2007 vedlagt konsesjonssøknaden, hvor følgende er referert:

”(…) På strekninga mellom Bygstad og Sande er det større potensiale for kraftverk enn gjeldande nettkapasitet. Val av nettløysing og kostnadar heng m.a saman med omfanget av kor mange som får konsesjon.

SE vil setje i gang arbeide med nybygging av nett når omfanget av nye kraftverk er nærmare avklara og finansieringa frå desse er på plass. Oppstarttidspunkt heng saman med omfanget og utfall av konsesjonssøknader.”

Sogn og Fjordane Turlag har kommet med to uttalelser i denne saken, første uttalelse i brev av 1.7.2008, og andre uttalelse i etterkant av sluttbefaringen i brev av 1.10.2008.

Brev av 1.7.2008:

”(…) Om friluftsliv i det aktuelle området:

Den øvre omlag halvdel av utbyggingsområdet er del av eit stort Regionalt viktig friluftsområde, jf fylkesdelplanen for arealbruk. Kvamshesten, som ligg like aust for inntaket, er eitt av dei aller viktigaste turmåla i dette friluftsområdet. Indre Sunnfjord Turlag (IST) si turrute ”Frå hav til bre”, som er under utbygging, kryssar Selselva litt nord for midtvegs (kote 470-500) på den planlagde utbyggingsstrekninga. På turruta er 2 hytter, Nipebu og Massbu lenger vest, ferdige og tekne i bruk. I tilknytning til, og mellom, desse hyttene er ei rekkje turruter varda/merka. Ruta austover frå Massbu, som kryssar Selselva og går vidare på sørsida av Kvamshesten til Bringeland/Langeland, er under planlegging, og arbeidet med dette har kome ganske langt. IST planlegg også bygging av ei ny hytte ein stad i nærleiken av Kvamshesten, men har førebels ikkje fått avtale om tomt. Turruta ”Frå hav til bre” er IST si største og viktigaste satsing, og utbyggingsområdet er dermed del av eit svært viktig friluftsområde. Vi kan nemne at Nipebu lenger vest på ruta, som hadde 420 overnattingar i 2007 og 485 i 2006, då var den hytta i medlemslaga til Sogn og Fjordane Turlag sitt nett som hadde flest overnattingar.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for den planlagde kraftstasjonen er minimum 15,6 %, maksimum 156 % av middelvassføringa noko som er ei nokså normal vassutnytting for småkraftverk.

***Hydrologi og tilsig:** Vanlegvis vurderer ikkje vi hydrologi og tilsig, men i denne saka finn vi grunn til å gjere unntak. Det er opplyst at NVE vurderer målestasjon 80.4 Ullebøelv som den mest representative for avrenninga i Selselva. Vi har ingen grunn til å tvile på det. Men samstundes vil vi peike på at Ullebøelva ikkje er ei spesielt god elv å samanlikne Selselva med. Grunngeving for påstanden: Størstedelen av nedslagsfeltet for Selselva kraftverk ligg mellom 840 (Selsvatnet) og 1100 m. Høgste kote for Ullebøelva er 888 m, lågaste 334. Dette tilseier at skilnaden mellom dei 2 elvane er svært stor. I tillegg er sjøprosenten i Selselva 11 %, i Ullebøelv 1,1 %, noko som også har ein del å seie. Vår vurdering av verknadane av skilnadane:*

- I nedslagsfeltet for Selselva vert snøen (i motsetning til i Ullebøelv) liggande langt utover sommaren. Kor lenge, varierer sjølvstakt mykje frå år til år. (Enkelte år kan delar av snøen bli liggande heile sommaren.) Verknaden av dette er at vassføringa i Selselva utover sommaren er forholdsvis mykje større enn i Ullebøelva. Spesielt gjeld dette slutten av juni og heile juli. Ofte også langt utover i august, men dette vil variere sterkt etter snømengdene og temperaturen tidlegare på sommaren. Vi reknar det som svært sannsynleg at 5-persentilen om sommaren for Selselva er høgare enn 70 l/s, men vi har ikkje kunnskap nok til å bedømme/rekne ut kva som er eit meir korrekt tal.*
- At nedslagsfeltet for Selselva ligg høgare, vil føre til at vassføringa i dei kaldaste vintermånadane vert forholdsvis lægre enn i Ullebøelv. Det fører også til at hovudsnøsmeltinga om våren startar noko seinare i Selselva.*

- *Det store Selsvatnet gjer at Selselva har ei større sjølvregulerande evne enn Ullebøelva. Kor stor skilnaden er, er mellom anna avhengig av breidda på utløpet frå Selsvatnet. Dessverre har vi ikkje hatt tid til å synfare det, så det kan vi ikkje seie noko sikkert om.*

Hovudgrunnen til at vi i Turlaget interesserer oss for hydrologi og tilsig i Selselva (samanlikna med Ullebøelva), er at vi meiner at i Selselva tilseier den høgre vassføringa utover sommaren at elva er mykje viktigare for landskapet enn det kurvene i Vedlegg 10 skulle tilseie, at 5-persentilen om sommaren høgst sannsynleg er markert høgre enn 70 l/s, og at dette gir grunnlag for å krevje ei betydeleg høgre minstevassføring om sommaren enn 40 l/s. Det er viktig for landskap og friluftsliv! Påstanden vår om høg vassføring i Selselva utover sommaren vert stadfesta av lokalkjende vi har hatt kontakt med.

***Inntaksdam:** Viss ein skal gå så høgt opp med inntaket som konsesjonssøkt, ser plasseringa av inntaksdammen for oss ut til å vere naturleg. Alternativet er å gå så langt ned at ein unngår tunnelsprenging og kan grave ned heile røyrkata. Dette vil ha både miljømessige (INON, friluftsliv m.m.), driftsmessige (lettare tilgang til inntaket) og økonomiske (lægre investeringskostnader) fordelar, men vil føre til minst 200 m redusert fallhøgde (økonomisk ulempe). Vi ber NVE vurdere om dette er eit aktuelt alternativ!*

Viss inntaket vert plassert der det er konsesjonssøkt, kjem det midt i eit område som no er fullstendig urørt. Då er det viktig at inntaket vert utforma og "kamouflert" på ein slik måte at det vert minst mogeleg synleg både på avstand (mellom anna frå vegen på sørsida av Dalsfjorden) og frå fjella omkring. Inntaket vert neppe synleg frå den mest brukte stien til toppen av Kvamshesten (ruta er stipla på kartet i NVE-Atlas), men ein skal berre gå eit kort stykke vest for stien, fram på kanten mot vest, så ser ein "rett ned på" inntaket.

Vassveg: I følgje konsesjonssøknaden skal vassvegen gå i tunnel, del sprengd, dels bora, mellom inntaket og kote 500. I Biologisk mangfald-rapporten (sjå Samandraget side ii, under Utbyggingsplanar) står det at tunnelen skal gå ned til kote 386. Av same rapport, side 15, Bilde 2, ser ein at ei slik plassering vil vere naturleg. Under synfaringa IST og vi hadde saman med utbyggaren 26.11.2006, meiner vi også bestemt å hugse (utan at vi kan garantere det 100 %) at det var den plasseringa av tunnelpåhogget som vart presentert som den mest sannsynlege. Det var i alle fall ikkje snakk om tunnelpåhogg så høgt som på kote 500! Sett frå vår synsstad vil det vere ein stor fordel om tunnelpåhogget vert på (ca.) kote 386. Då unngår ein vegbygging og legging av røyrgate i svært bratt terreng, noko som vil føre til ganske store inngrep som ein må rekne med vert godt synlege i mange år framover. Ved å ha tunnelpåhogget der det tidlegare var planlagt, omlag på kote 386, unngår ein også inngrep i den planlagde turstien. Nøyaktig stad for kryssing av Selselva er ikkje endeleg bestemt, men vert truleg mellom kote 470 og 500. For oss er det viktig å unngå direkte konflikt mellom veg/røyrkatetrase og turstien! Viss tunnelpåhogget vert på kote 500, er det stor fare for at det vert ein betydeleg konflikt mellom turstien og kraftutbyggingsinngrepa, inkl. massedeponi, i det området. Det bratte terrenget gjer at det er få brukbare alternative trasear. IST opplyser at dei skal gå opp turruta på nytt, meir nøyaktig enn det som er gjort før, i løpet av sommaren. Vi skal då vurdere graden av konflikt nærare, og kome med tilleggsinformasjon til NVE og utbyggerane.

Vi ber om at både NVE og utbyggaren sterkt vurderer å oppretthalde dei tidlegare planane om å ha tunnelpåhogget omlag på kote 386. Dette meiner vi er viktig ikkje berre for oss, men for alle som ferdast i området, inklusive på vegen på sørsida av Dalsfjorden, fordi inngrepa i fjellsida vert mindre synlege når dei ikkje går så høgt opp i bratt terreng

***Kraftstasjonen:** Plassering: Ingen merknader. Det gleder oss at det vert lagt vekt på støysolering. Vi vil i tillegg nemne bruk av vasskjølt anlegg så ein unngår viftestøy, og bruk av*

vannlås på utløpet. Men dette veit NVE mykje meir om enn vi! I Biologisk mangfald-rapporten står det ingenting om fisk nedstrøms kraftstasjonen. Ettersom elva der renn i mykje slakare terreng enn oppstrøms, reknar vi med at der er fisk. Informasjon vi har fått, indikerer at elva har ei anadrom strekning der det går opp sjøaure og smålaks, men informasjonen vår er ikkje så presis at vi veit kor lang den anadrome strekningen er, eller kor store fiskemengder det er snakk om.

Vi ber NVE vurdere installering av omløpsventil i kraftstasjonen slik at ikkje fisk strandar i samband med brå stopp. Trongen for omløpsventil må sjåast i samanheng med storleiken på minstevassføringa og storleiken på vassføringa i den (førebeles?) uregulerte elva frå Bergsvatnet. Stor minstevassføring reduserer trongen for omløpsventil.

Vegbygging: Som vi alt har nemnt, vil vi sjå det som ein stor fordel at tunnelpåhogget vert omlag på kote 386, slik at vegbygginga kan avsluttast der. Ved bygging av ny veg, er det viktig å ta vare på skogen på nedsida, slik at vegen vert minst mogeleg synleg på avstand.

Kraftlinjer: Kraftline i kabel er viktig!

